

ÅRSMELDING 2019




Foto: John Arvid Skummenes


FITJAR KRAFTLAG

INNHALD

STYRET I FITJAR KRAFTLAG	2
ÅRSMELDING 2019	3
ÅRSREGNSKAP 2019	9
RESULTATREGNSKAP	9
BALANSE	10
SAMFUNNSREGNSKAP	12
KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING	13
NØKKELTAL 2015 - 2019	14
NOTAR	15
REVISJONSMELDING	27

STYRET I FITJAR KRAFTLAG



Agnar Aarskog



Mette Fitjar



Torstein Grimen



Simen Løland Aarskog



Foto: John Arvid Skumsnes

Ørn over Vikaskarsfjellet

ÅRSMELDING 2019

Fitjar Kraftlag er eigd av Fitjarbuen sjølv og andre som kan vera medlem i Kraftlaget. I lag vil me styrka selskapet og bidra til utvikling av bygda vår.

Eit av måla til styret er å gje tilbake til Fitjar-samfunnet. Verdiane vert skapt lokalt, og skal først tilbake til både kundar og lokalsamfunn. Me deler difor kvart år ut midlar til lokale lag og organisasjonar, eller gode initiativ og prosjekt som kan koma alle i Fitjar til gode. Me ønskjer og å leggja til rette for å gje ut kjøpsutbytte til medlemmane våre basert på den handelen dei gjer med oss.

2019 har vore eit travelt år med mange endringar og tilpassingar. Det er m.a. grunna sal av nettverksemda til Haugaland Kraft Nett AS frå 01.01.19 og innføring av elhub (felles datahub)

frå 18.02.19. Dette var ei stor endring for heile kraftbransjen. Dette var eit høve for å tilpassa vedtektene i Kraftlaget etter at transaksjonen mellom Kraftlaget og Haugaland Kraft var gjennomført. Endringane som er gjort var dels grunngjeve i omsynet til samvirkelova, men og generell forenkling og opprydding i vedtektene.

Me har framleis mykje arbeid framfor oss før me er heilt i mål etter omorganiseringa, men me er godt på veg. Eit nytt team skal etablerast og nye arbeidsrutinar skal på plass. Det er ein utfordrande, spennande og tidskrevande prosess me er i.

Fokusområda til Kraftlaget etter omorganiseringa er breibandsverksemd, kraftomsetning, produksjon, eigarskap og samfunnsutvikling.



Utdeling 2019

Driftsresultat og årsresultat etter skatt er positivt.

Det gode årsresultatet skyldast i all hovudsak gevinst ved realisasjon av aksjar i SKL og utbetalt utbytte. All gjeld er nedbetalt. Økonomien i Kraftlaget er god.

Vårt slagord er ***Kraft til utvikling!***

Føremål

Fitjar Kraftlag SA er eit almennyttig samvirkeforetak. Føremålet til foretaket er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområde (slik dette var per 1. januar 2018, seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet")
- Eiga aksjar i selskap som driv nettverksemd
- Omsetja elektrisk energi
- Produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg eller -selskap
- Eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjon sløysingar
- Eiga, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning

til føremålet

- Delta i tiltak med allmenntytige føremål i konsesjonsområdet
- Yta gåver til tiltak med allmenntytige føremål i konsesjonsområdet

Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, almennyttige tiltak som kan koma medlemmar, og lokalsamfunnet i konsesjonsområdet til gode, dernest kjøpsutbytte.

Fitjar Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Fitjar kommune.

Samfunnsutvikling

Fitjar Kraftlag har heilt sidan starten i 1935 vore samfunnsbyggjaren, det ynskjer styret at Kraftlaget skal vera også i framtida. Styret ynskjer å bruka ressursane i selskapet til det beste for lokalsamfunnet. Samtidig som ein sikrar det som i dag er kjerneverksemd på ein best mogleg måte for framtida.

Styret i Fitjar Kraftlag har i 2019 måtte prioritera å byggja ny organisasjon for «nye» Fitjar Kraftlag. Ein vil i 2020 jobba vidare med strategi for kva rolle ein skal ha som samfunnsutviklar til beste for medlemmane

våre og Fitjar samfunnet. Strategiarbeidet rundt dette vil starta opp så snart nytt styre er vald på årsmøte i 2020.

Det er starta ein dialog mellom Kraftlaget og Fitjar Kommune om å etablere eit nytt selskap i lag som kan driva samfunnsbygging i Fitjar. Ein vil sjå på om etablering av eit felles utviklingselskap kan hjelpe oss til å skapa gode løysingar for Fitjarbygda.

Breiband

Drifta på breibandsnettet har vore stabil. Investeringar og omdisponering av kablar er gjennomført for å auka kapasitet og tilgjengeleg hastigheit i nettet.

Den nye tv-plattformen har vore populær og me har fått positive tilbakemeldingar på denne. Dette året har me bytta ut alle gamle heimesentralar med nye slik at alle kundar kan få høgare hastigheit og ny TV løysing.

Oppgradering av breibandsnettet er viktig, slik at våre kundar har moglegheit til å bestilla det nyaste innan Altibox som gir giga-bit-forbindelse og nyare tv/streaming løysingar.

Me får stadig nye kundar. Ved årsskiftet hadde me 1422 kundar, dette er ein auke på 56 kundar i 2019.

Kraftproduksjon

Drifta av produksjonsanlegga har vore krevjande dei siste åra og det er behov for investering i nye kontrollanlegg. Dette er for å få betre overvaking og optimalisering av anlegga. Både Årskog Kraftstasjon og Rimbareid Kraftstasjon har hatt nokre mindre stopp i produksjonen i løpet av året. Hovudtilsyn på anlegga er utført.

Generatorbrytar på Rimbareid Kraftstasjon vart skifta ut.

Forhandlingar med Fitjar kommune er starta ang. fallrettar i Årskog vassdraget. Ny avtale vil truleg vera på plass i løpet av første halvår i 2020.

Det er inngått ein vedlikehalds- og rådgjevingsavtale med SKL for begge kraft-

stasjonane. Produksjonen var om lag 16,46 % høgare i 2019 enn 2018. Produksjonen var 8,7 % over middelproduksjon dei siste 10 åra. Total produksjon var 5,4 GWh. Oppnådd gjennomsnittspris for produksjonen dette året vart 38,38 øre/kWh.

Kraftomsetning

Det er stor konkurranse i dette segmentet. Me blir pressa av mange leverandørar som vil ta vår marknadsandel, spesielt på Fitjar. Konkurransen vil ikkje minka dei komande åra, men me håpar me kan vera ein god lokal leverandør også i framtida.

Kraftlaget vil vera konkurransedyktige. Me vil fokusera på truverdigheit, enkle prisar utan skjulte kostnader, rask og god kundeservice. Me prissikrar deler av volumet for å halda stabile og føreseielege prisar ut til kundane. Kraftlaget har til no tilbode standard variabel kraftpris og fastpris kontraktar til privatkundar. Ein vil i løpet av 2020 også tilby spot produkt. Me vil allereie i 2020 gjera investeringar i nytt kundesystem då det er viktig å fylgja utviklinga. Me vil etter kvart ha større fokus på å auka vår kundemasse, primært lokalt, og på større kundar for å auka volum.

Kraftlaget sender framleis ut faktura på både kraft og nett til alle kundar i Fitjar Kraftlag sitt gamle konsesjonsområde. Dette skyldast at nettkundane framleis ligg i Kraftlaget sitt kundesystem. Det vil endra seg i 2020. Fitjar Kraftlag sine kraftkundar vil framleis få ein faktura for både kraft og nett etter at systemet er delt, dette kallast gjennomfakturering.

Elhub

Elhub er kraftbransjen sin felles «sentral» der alle data frå straummålarar i landet vert samla inn i eit felles system. Her finn du dine abonnement med informasjon om straumforbruk, kraftleverandør og anna. Ynskjer du til dømes å sjå kva straumforbruk du har time for time kan du logge deg på Elhub Web Plugin og sjekka: <https://plugin.elhub.no>

Anna verksemd

Fitjar Kraftlag har drifta kundesystemet for Haugaland Kraft Nett AS sine kundar på Fitjar dette året då det ikkje var mogleg å flytta nettkundane over frå Fitjar Kraftlag sitt kundesystem til HK Nett AS sitt kundesystem.

Det skyldast innføringa av Elhub og kapasitet hos systemleverandør.

Smarthus satsinga til Kraftlaget gjennom selskapet Hitch vart våren 2019 avvikla. Markedet var umodent og eigarane var ikkje interessert i å bruka meir tid, ressursar og kapital på prosjektet.

Eigarskap

Når nettverksemda vart selt, fekk Fitjar Kraftlag eigarpost i Haugaland Kraft (HK). Fitjar Kraftlag tok samstundes eit strategisk grep ved at ein bytta eigarposten i SKL mot eigarskap i HK. Gjennom eigarskap i HK eig Kraftlaget indirekte i kraftproduksjon då SKL er eit dotterselskap til HK. I november 2019 fekk Kraftlaget og moglegheit til å kjøpe seg litt opp i HK då Bokn kommune selde sine aksjar i HK (0,03 %), slik at Fitjar Kraftlag no eig 3,73 % i konsernet Haugaland Kraft.

Utbytte frå Haugaland Kraft AS utbetalt i 2019 var på ca. 9,8 mill. kr. Det rekordstore overskotet har samanheng med at HK selde Haugaland Næringspark.

Fitjar Kraftlag nytta opsjon om å oppretthalda eigarskap på 3,31 % i Midtfjellet Vindkraft AS og kjøpte seg difor opp frå 1,84 % til 3,31 % tidleg i 2019. Det betalte Kraftlaget nesten 14,5 mill. kr for. Selskapet betalte ut ekstraordinært utbytte på 10,1 mill kr seinare på året, i tillegg til ordinært utbytte på 1,2 mill kr.

Til saman fekk Kraftlaget utbetalt 21,2 mill. kr i utbytte dette året.

Ålmennyttige føremål/sponsorstøtte

Kraftlaget har støtta lag, organisasjonar og enkelttiltak i Fitjar med 673 739 kroner. Av desse er 540 000 kroner knytt til ålmennyttige føremål.

Informasjon

Kraftlaget nyttar nettstaden www.fitjar-kraftlag.no til informasjon om alle tilhøve kring

drifta av Kraftlaget og til prisinformasjon.

Kraftlaget sender ut SMS ved kraftprisendring. Varsling av planlagt arbeid og anna viktig informasjon kan og bli sendt på SMS. Me er og på Facebook. Søk oss gjerne opp der! Fitjar-posten vert og nytta til informasjon.

Organisasjon og personale

Etter at Fitjar Kraftlag selde nettverksemda til Haugaland Kraft har fleire av dei tilsette i Kraftlaget vald å nytta sin rett til å gå over til Haugaland Kraft. Dette har ført til at me i løpet av 2019/2020 måtta tilsetja 3 nye medarbeidarar.

Kraftlaget hadde ved årsskiftet i alt 7 tilsette, av desse 2 lærlingar. Det vart utført til saman 7,21 årsverk dette året.

Kraftlaget søkjer å tilby lære plassar.

Strategi / Framtidsutsikter

Me vil vera offensive og utvikla oss vidare, men det er viktig at me får lagt grunnsteinane først. Arbeidet med digitalisering og målretta forbetningsarbeid må halda fram. 2020 vert eit år prega av innføring av nye system og rutinar. Me skal over på nye kundesystem både når det gjeld breiband og kraftomsetning. Selskapet har no organisasjonen på plass, ein har laget som skal byggja framtida for Kraftlaget. No vil me jobba vidare med å staka ut ein detaljert strategi som skal gjelda for åra som kjem. Styret er oppteken av å skapa eit selskap som skal vera til det beste for lokalsamfunnet, kundane og medlemmane våre.

I det korte bilde ser me at 2020 blir utfordrande grunna lave straumprisar.

Lave straumprisar fører til lågare inntekt på produksjonen vår og mindre utbytte frå Midtfjellet Vindkraft og Haugaland Kraft. Me er, og skal vera, ansvarlege, sjå moglegheiter, yta god kundeservice og samarbeida med lokalsamfunnet. Med dette grunnlaget skal me vera samfunnsbyggjaren langt inn i framtida.

Vårt slagord er **Kraft til utvikling!**

Styret

Kraftlaget har eit styre på fire medlemmer som er valde av årsmøtet. Det er 1 vara-medlem.

Styret har i 2019 hatt 8 møter. Det er eit godt samarbeidsklima i styret, og mellom styret og administrasjon. Styret ynskjer å takka alle tilsette for jobben som er gjort i 2018.

Styremedlemmer:

Agnar Aarskog, styreleiar
Simen L. Aarskog, nestleiar
Mette Fitjar, styremedlem
Torstein Grimen, styremedlem

Varamedlem:

Magne Siglen

Valnemnd:

Valnemnda har tre medlemmer som er valde av årsmøtet. Valnemnda har konstituert seg sjølv.

Desse er i valnemnda:

Leif Helge Engelsen
Kari Raunholm
Ingrid Vestbøstad

Medlemskapital

Det er totalt 837 medlemmar.
Medlemskapital pr 31.12 er på kr 5 095 857 inklusive renter.

Renter på medlemskapitalen

Styret rår til at rentefoten på medlemskapitalen i 2019 vert sett lik skjermingsrenta på 1,3 %.

Resultat

Styret foreslår at årsoverskotet på kr 261.358.886 vert disponert slik:

Avsett til fond for ålmennyttige tiltak:	3.000.000
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar *	5.000.000
Overføring til annan eigenkapital	253.358.886
Sum disponeringar	261.358.886

* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra utbetaling av kjøpsutbytte til medlemmane hausten 2020, fordelt etter medlemmane si omsetning med Kraftlaget gjennom 2019. Administrasjonen skal sørge for at utbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.

Det vert ikkje tilført midlar til etterbetalingsfondet i 2019. Etterbetalingsfondet er på kr 5.000.000 pr. 31.12.2019.

Rentesats på medlemskapitalen vert sett lik skjermingsrenta på 1,3 %. Rentesaldoen vert tilført medlemskapitalen med verknad frå 18.06.2020.

Styret

Fitjar, 29. april 2020




Agnar Aarskog
Styreleiar



Torstein Grimen



Mette Fitjar



Simen L. Aarskog
Nestleiar



Foto: John Arvid Skumsmnes

ÅRSREGNSKAP 2019

RESULTATREGNSKAP

	Note	2019	2018
Inntekter			
Kraftinntekter	2	20 150 712	23 103 339
Nettinntekter	2,3	0	30 392 384
Andre inntekter	2	17 132 140	18 984 120
Sum inntekter		37 282 851	72 479 843
Kraftkjøp mv.			
Kraftkjøp	2,4	14 871 756	22 212 526
Overføringskostnader	2	-76 677	5 423 219
Andre varekostnader	2	6 800 657	8 268 695
Dekningsbidrag		15 687 115	36 575 402
Eigne driftskostnader			
Personalkostnader m.m	2,5	4 785 371	14 209 861
Ordinære avskrivninger	2,17	2 445 889	5 934 678
Nedskrivning av varige anleggsmidler	2	0	121 937
Andre driftskostnader	2,14	6 734 899	13 547 277
Driftsresultat		1 720 956	2 761 649
Finansinntekter og finanskostnader			
Utbytte		21 264 820	4 542 234
Andre finansinntekter	3,16	239 481 242	134 417
Andre finanskostnader	16	596 517	1 166 418
Ordinært resultat før skattekostnad		261 870 501	6 271 883
Skattekostnad på ordinært resultat	12	511 615	866 582
Årsresultat		261 358 886	5 405 301
Anvendelse av årsresultatet			
Avsett til fond for ålmennytige tiltak	13	3 000 000	0
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar	13	5 000 000	0
Overført til annan egenkapital	13	253 358 886	5 405 301
Sum anvendelse		261 358 886	5 405 301

BALANSE

	Note	2019	2018
Eigedelar			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Utsatt skattefordel	12	2 080 672	1 782 103
Sum immaterielle eigedelar		2 080 672	1 782 103
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	17	0	9 637 571
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar o.l.	17	365 674	423 457
Kraftproduksjonsanlegg og nett	17	4 347 488	62 126 785
Breibandsanlegg	17	8 354 500	7 572 866
Sum varige driftsmidler		13 067 662	79 760 679
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjar og andelar	10	336 450 676	45 943 067
Langsiktige fordringar	6	0	7 347 457
Pensjonsmidlar	5	0	786 063
Sum finansielle anleggsmidler		336 450 676	54 076 587
Sum anleggsmidler		351 599 010	135 619 369
Omløpsmidlar			
Varer	7	345 401	3 685 348
Fordringar			
Kundefordringar	6	9 485 971	19 174 811
Andre fordringar		90 925	524 727
Sum fordringar		9 576 896	19 699 538
Investeringer			
Markedsbaserte verdipapirfond	18	9 130 104	0
Sum investeringer		9 130 104	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	4 591 124	4 754 682
Sum omløpsmidlar		23 643 526	28 139 568
Sum eigedelar		375 242 535	163 758 937


BALANSE

	Note	2019	2018
Eigenkapital og gjeld			
<i>Eigenkapital</i>			
Innskoten eigenkapital			
Medlemskapital	13	5 095 857	5 134 848
Sum innskutt eigenkapital		5 095 857	5 134 848
Opptent eigenkapital			
Etterbetalingsfond	13	5 000 000	5 000 000
Annan eigenkapital	13	350 087 328	93 769 521
Sum opptent eigenkapital		355 087 328	98 769 521
Sum eigenkapital		360 183 185	103 904 368
Avsetning for forpliktelsar			
Utsatt skatt	12	0	0
Sum avsetning for forpliktelsar		0	0
<i>Gjeld</i>			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	0	41 614 584
Sum anna langsiktig gjeld		0	41 614 584
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 764 422	12 236 840
Betalbar skatt	12	799 344	852 869
Skyldige offentlege avgifter		1 265 838	3 294 406
Gjeld til medlemmar		5 000 000	
Anna kortsiktig gjeld	15	5 229 746	1 855 870
Sum kortsiktig gjeld		15 059 350	18 239 984
Sum gjeld		15 059 350	59 854 568
Sum eigenkapital og gjeld		375 242 535	163 758 937

SAMFUNNSREGNSKAP


TILBAKEFØRT TIL FITJARSAMFUNNET

	2019
Skatt på løn	251
Eigedomsskatt	119
Kjøp av varer og tenester	1287
Ålmennyttinge føremål/sponsorstøtte	674
Netto utbetalt løn	2073
Sum	4404



AVGIFTER TIL STATEN

	2019
Skatt på løn	893
Folketrygd	662
Firmaskatt	512
Meirverdiavgift	1768
Sum	3835



KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING

	2019	2018
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	261 870 501	6 271 883
Periodens betalte skatt	-863 709	-626 820
Tap/gevinst ved avgang/salg av anleggsmidler	-239 182 566	-69 412
Ordinære avskrivningar	2 445 889	5 934 678
Nedskrivning av varige driftsmidler	0	121 937
Endring i varelager, kundefordringar og leverandørgjeld	217 926	683 740
Endring i andre tidsavgrensingspostar	508 728	-1 681 520
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	24 996 769	10 634 486
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		
Innbetalningar ved salg av varige driftsmidler	1 239 822	70 000
Utbetalningar ved investering i varige driftsmidler	-2 856 280	-13 025 610
Utbetalningar ved kjøp av aksjar/andelar i andre foretak	-23 619 136	-7 968
Innbetalningar ved salg av aksjar/andelar i andre foretak	20 000	0
Endring langsiktige fordringar	94 258	-1 041 430
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-25 121 336	-14 005 008
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0
Innbetalningar i forbindelse med opptak av gjeld	0	6 041 084
Inn-/utbetalningar av eigenkapital	-38 991	313 083
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-38 991	6 354 167
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-163 558	2 983 645
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01	4 754 682	1 771 037
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12	4 591 124	4 754 682





NØKKELTAL 2015 - 2019

Nøkkeltal	Eining	2019	2018	2017	2016	2015
Kraftinntekter	Tkr	20 151	23 103	15 822	13 797	11 635
Nettinntekter	Tkr	0	30 392	26 940	28 897	11 796
Brutto driftsinntekter	Tkr	37 283	72 480	57 431	54 901	38 023
Driftsresultat før avskrivningar (EBITDA)	Tkr	4 167	8 696	7 058	9 342	-6 752
EBITDA margin	%	11 %	12 %	12 %	17 %	-18 %
Ordinære avskrivningar	Tkr	2 446	5 935	5 503	5 422	6 760
Driftsresultat (EBIT)	Tkr	1 721	2 762	1 555	3 920	-13 512
Driftsmargin	%	5 %	4 %	3 %	7 %	-36 %
Resultat før skattar	Tkr	261 871	6 272	6 396	4 177	-43 495
Årsresultat	Tkr	261 359	5 405	5 747	4 668	-42 110
Årlege investeringar	Tkr	2 856	12 956	10 463	10 256	11 632
Totalkapital	Tkr	375 243	163 759	147 307	143 505	140 048
Eigenkapital	Tkr	360 183	103 904	98 186	92 551	88 043
Eigenkapitalprosent	%	96 %	63 %	67 %	64 %	63 %
Produsert energi elektrisk kraft	MWh	5 449	4 679	5 055	5 298	4 072
Ei forbruk i eige konsesjonsområde	MWh	0	52 245	49 719	50 988	48 119
Avkastningsgrunnlag (NVE-kapital)	Tkr	0	60 476	52 222	48 749	44 596
Antal nettkundar		0	2 526	2 502	2 453	2 402
Antal breibandkundar		1 422	1 366	1 302	1 212	1 125

NOTAR

NOTE 1 | REGNSKAPSPRINSIPP - VERKNAD AV ENDRING AV REGNSKAPSPRINSIPP

- Grunnleggjande prinsipp
- Vurdering og klassifisering
- Andre forhold

I ekstraordinært årsmøte 22. november 2018 blei det vedteke overføring av eigarskapen i Sunnhordland Kraftlag AS og nettverksemda mot eigarskap i Haugaland Kraft AS. Transaksjonen er gjeldande frå 1. januar 2019.

Årsrekneskapen er sett saman av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapskikk i Noreg for små foretak gjeldande pr. 31. desember 2019.

Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanlikning med tidlegare år, fortsett drift, kongruens og forsiktighet. Transaksjonar vert rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatført når dei er opptent og kostnader vert samanstillt med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa vert utdjupa nedanfor.

Eigedelar/gjeld som vedgår varekretsløpet og postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, er klassifisert som omløpsmidlar/kortsiktig gjeld. Vurdering av omløpsmidlar/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventta salskostnader.



Foto: Elin Anita Erstad

Andre eigedelar er klassifisert som anleggsmidlar.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som forringast blir avskrivne. Dersom det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigåande, vert det føreteke ei nedskrivning av anleggsmiddelet. Tilsvarande prinsipp vert normalt lagt til grunn for gjeldspostar.

Det er, i samsvar med god rekneskapskikk, nokon unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unntaka er kommentert i dei respektive notane. Ved bruk av rekneskapsprinsippa og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, skal det leggjast vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført.

Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar

Inntektsføringstidspunkt

Inntekt vert ført i resultatet når ho er opptent. Inntektsføring skjer normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt meirverdiavgift, rabattar og fakturerte fraktkostnader.

Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling

Utgifter vert samanstillt med og vert kostnadsført samstundes med dei inntekter utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter, vert kostnadsførte når dei oppstår.



Foto: Elin Anita Erstad

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert ført i balansen til anskaffelseskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivingar. Dersom den reelle verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsaker som ikkje reknast å vera forbigåande, vert driftsmiddelet skrivne ned til verkeleg verdi. Utgifter i samband med normalt vedlikehald og reparasjonar vert løpande kostnadsført. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmidlane si levetid vesentleg, vert aktiverte. Driftsmidlar som vert erstatta, vert kostnadsført. Eit driftsmiddel blir sett på som varig dersom det har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kroner 15 000.

Ved utskifting av eksisterande linjenett er det lagt vekt på at endringar som medfører heving av kvalitet eller kapasitet vert aktivert som

varige driftsmidlar, medan resterande vert sett på som vedlikehald. Ein syner i denne samanheng til note om driftskostnader og note om anleggsmidlar.

Avskrivingar

Ordinære avskrivingar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivingane er klassifisert som ordinære driftskostnader.

Varelager og varekostnad

Lageret vert vurdert til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er anskaffelseskost. Årets varekostnad er sett saman av kostpris på selde varer med tillegg av nedskriving, i samsvar med god rekneskapsskikk.

Fordringar

Fordringar er oppført til pålydande med fråtrekk for forventta tap.

Aksjar og andelar

Investering i aksjar eller andelar som ikkje er marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert balanseførte til anskaffelseskost. Rekneskapsføringa følgjer av unntaksregelen for små foretak.

Utsatt skatt og skattekostnad

Utsatt skatt vert rekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekninga vert nominell skattesats brukt. Positive og negative forskjellar blir vurdert mot kvarandre innafor same tidsintervall. Utsatt skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad er sett saman av endringar i utsatt skatt og utsatt skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i tidlegare års berekningar.

NOTE 2 | SEGMENTINFORMASJON - REGNSKAP FORDELT PÅ VIRKSOMHETER

1000 kr	Kraft- omsetn.	Produksjon	Brei- band	Øvrig	Avstem. Eliminering	Totalt
Inntekter						
Kraftsal	20 151	2 568			-2 568	20 150
Innt. ved abb., måling, avregn.	18		30			48
Meir-/mindreinntekt (sjå note 3)						0
Gevinst ved avgang anleggsmidler				55		55
Andre varer og tjenester			13 761	53		13 814
Andre inntekter		24		3 191		3 215
Sum inntekter	20 169	2 592	13 791	3 299	-2 568	37 282
Kraftkjøp m.v.						
Kraftkjøp	17 045	395			-2 568	14 872
Kjøp av overføringstenester		-77				-77
Varekostnader			6 707	94		6801
Sum varekjøp	17 045	318	6 707	94	-2 568	21 596
Bruttoavanse	3 123	2 274	7 084	3 205	0	15 687
Driftskostnader						
Personalkostnader	778	59	2 789	1 771		5 397
Aktivert lønn			-612			-612
Andre driftskostnader	1 401	410	2 009	2 641		6 461
Avskrivningar	2	660	1 784			2 446
Eigedomsskatt		79	40			119
Tap på krav			11	134		145
Tap ved avgang anleggsmidler				9		9
Sum driftskostnader	2 181	1 208	6 021	4 555	0	13 965
Driftsresultat	942	1 066	1 063	-1 350	0	1 721

1. På kraftomsetning inngår kostnader til kjøp av elsertifikat i andre driftskostnader.

2. I øvrig virksomhet inngår gaver til ålmennyttinge føremål.



NOTE 3 | MEIR-/MINDREINNTEKT

Med verknad frå 1997 har Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) innført ei inntektsrammeregulering for nettvirksomheten. NVE fastset årleg ei individuell inntektsramme for kvart nettselskap. Inntektsramma medfører at det vert sett eit tak for kor store inntekter eit nettselskap kan hente inn. Nettselskapet skal rekna ut tariffane (nettleiga) slik at inntekta for det enkelte år, så langt råd er, ikkje overstig inntektsramma og kostnadane som kan dekkast inn som et tillegg. NVE fastset inntektsramma slik at inntekta over tid skal dekke kostnadane ved drift og avskrivning av nettet. Inntektsramma skal gje ei rimeleg avkastning på investert kapital gitt effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Kvart år

vert det rekna ut ei meir-/mindreinntekt som er differansen mellom faktiske tariffinntekter og tillatte inntekter (inntektsramme). Akkumulert meir-/mindreinntekt blir rekneskapsført som gjeld til eller fordring på nettkundane.

Ordninga med Kvalitetsjustert Inntektsramme for ikkje Levert Energi (KILE) vart innført frå 2001. Ordninga medfører ei mogleg justering av inntektsramma ved endringar i leveringsskvaliteten og at nettselskapet vert belasta for kostnader ved avbrudd i nettet. I perioden 2001 til 2007 var det ei eiga KILE-ramme. Frå januar 2007 er KILE-kostnadane inkludert i den inntektsramma nettselskapet får frå NVE.

Nettvirksomheten er overdratt til Haugland Kraft Nett AS frå 01.01.2019 og det er følgelig ikkje aktuelt med meir-/mindreinntekt for 2019.


Meir-/mindreinntekt [1000 kr]	2019	2018
Sum faktisk nettleigeinntekt	0	27 255
Årlig inntektsramme	0	23 182
KILE	0	-103
Justering meir -/ mindreinntekt	0	102
Eigedomsskatt	0	282
Tilbakeført mindreinntekt	0	0
Kostnader ved overliggjande nett (-)	0	5 514
Sum avvik avskrivn. og avkastning på avvik avkastningsgrl.	0	1 456
Sum "godkjent" inntekt / tariffinntekt	0	30 433
Akkumulert meir-(+) /mindreinntekt (-)	0	-3 178
Akkumulert meir-/mindreinntekt [1000 kr]	2019	2018
Inngåande verdi på mindreinntekt 1.1	0	-3 812
Inngåande verdi på renter mindreinntekt 1.1	0	-55
Meir-mindreinntekt inkl. renter pr. 1.1	0	-3 867
Årets meir-/mindreinntekt	0	-3 178
Årets renter på meir-/mindreinntekt	0	74
Avskrivning mindreinntekt	0	0
Meir-/mindreinntekt inkl. renter pr. 31.12	0	-7 119

NOTE 4 | NETTAP

Nettøpet er differansen mellom den samla energien målt i kWh som vert mata inn i nettet og den energien som fysisk vert brukt av abonnentane.

Nettvirksomheten er overdratt til Haugland Kraft Nett AS frå 01.01.2019 og det er følgelig ikkje aktuelt med nettøpet for 2019.

	2019	2018	2017	2016	2015
Forbruk nettkundar	0	52 245	49 719	50 988	48 119
Tilført energi til eige nett	0	51 202	47 319	48 925	48 522
Innmating lokal produksjon	0	5 955	6 774	6 714	4 865
Sum tilført energi til eige nett	0	57 157	54 093	55 639	53 387
Nettøpet i MWh	0	4 911	4 375	4 651	5 268
Nettøpet i kroner ut frå vekta produksjonspris	0	2 049 038	1 206 523	1 154 120	1 055 303



NOTE 5 | LØNSKOSTNADER/ANTAL TILSETTE/GODTGJERSLE/PENSJONAR MM

	2019	2018
Løn	4 369 112	12 346 827
Folketrygdavgift	661 575	2 137 155
Pensjonskostnader	320 804	1 970 297
Andre ytingar	46 339	860 471
Aktivering løn knytta til investeringsprosjekt	-612 459	-3 104 890
Lønskostnader	4 785 371	14 209 861
Gjennomsnittleg antal tilsette	7,21	18,03
Godtgjersle (i kroner)	Dagleg leiar	Dagleg leiar
Løn	913 751	1 479 662
Anna godtgjersle	5 528	6 446
Godtgjersle til styre	284 734	394 163
Revisor		
Revisjon og revisjonsbeslektede tenester eks. mva*	172 500	151 700
Honorar for andre tenester frå revisor eks. mva	131 676	109 279

* Revisjon og revisjonsrelaterte tenester dekkjer alt arbeid som lov om god revisjonsskikk set krav om for at revisor skal kunna gi si revisjonsmelding i samsvar med ISA 700 til årsregnskapet, inkludert nødvendig ekstraarbeid og rådgjeving i høve til å kunne framlegge regnskapet i samsvar med lova sine krav.

SAMANSETTING AV SAMLA PENSJONAR OG PENSJONSFORPLIKTELSAR

Pensjonsforpliktelsane for dei tilsette er dekkja ved kollektiv pensjonsforsikring som omfattar totalt 7 tilsette.

I samsvar med unntaksreglane i Rekneskapslova § 5-10 har selskapet ikkje balanseført forsikra pensjonsforpliktelsar. Innbetalt pensjonspremie samsvarer med årets pensjonskostnad. Selskapets pensjonsordning er i samsvar med krav i gjeldande lover vedrørende pensjonsforsikring

NOTE 6 | FORDRINGAR

Kundefordringar:

Selskapet sine kundefordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventa tap.

Kundefordringar fordeler seg slik:	2019	2018
Kundefordringar	9 824 307	19 532 800
Tap på krav	-338 336	-357 989
Sum	9 485 971	19 174 811

Andre langsiktige fordringar:

Fordringar som forfell til betaling meir enn ett år fram i tid:	2019	2018
Akkumulert mindreinntekt og renter mindreinntekt	0	7 119 000
Sum	0	7 119 000

NOTE 7 | VARELAGER

Selskapets varelager er oppført til lågaste verdi av kostpris og netto salgspris.

	2019	2018	Endringer
Varer til bruk i produksjon	345 401	3 685 348	-3 339 947
Ukurransnedskrivning	0	0	o
Netto bokført verdi av varelager	345 401	3 685 348	-3 339 947

NOTE 8 | BANKINNSKOT - BUNDNE MIDLAR

Av innestående i bank er kr 415336,- bundne skattetrekksmidlar. Dette er tilstrekkelig til å dekke skyldig skattetrekk pr. 31.12.

NOTE 9 | GJELD OG OBLIGASJONAR

Gjeld som fell til betaling meir enn fem år etter regnskapsårets slutt:	2019	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0

NOTE 10 | AKSJAR OG ANDELAR I ANDRE SELSKAP

	Eigarandel	Anskaffelseskost	Balanseført verdi
Anleggsmidler:			
Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS	20,00 %	60 000	60 000
Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS	9,71 %	2 468 350	988 000
Atheno prosjektutvikling AS	1,02 %	90 000	90 000
Midtfjellet Vindkraft AS	3,31 %	31 489 032	31 489 032
Haugaland Kraft AS	3,73 %	303 823 644	303 823 644
Sum		337 931 026	336 450 676

NOTE 11 | PANTSTILLELSE OG GARANTIANSVAR

Balanseført langsiktig gjeld:	2019	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	41 614 584
Sum	0	41 614 584



Hautsbilde av gjengen på Kraftlaget

NOTE 12 | SKATT

		2019	2018
Betalbar skatt framkjem slik:			
Ordinært resultat før skattekostnad		261 870 501	6 271 883
Permanente forskjellar		-260 747 020	-4 157 256
Endring midlertidige forskjellar		1 357 134	292 572
Anvendelse av framførbart underskot		0	0
Grunnlag betalbar skatt		2 480 615	2 407 199
Betalbar skatt på inntekt	22% / 23%	545 735	553 656
Betalbar skatt på formue	0,15%	253 609	299 213
Sum betalbare skattar		799 344	852 869
Årets skattekostnad framkjem slik:			
Betalbar skatt på årets resultat		545 735	553 656
Betalbar skatt på skattemessig formue		253 609	299 213
Avrekning betalbar skatt tidlegare år		10 840	0
Brutto endring utsatt skatt		-298 570	13 713
Årets totale skattekostnad		511 615	866 582
<hr/>			
		2019	2018
Betalbar skatt i balansen framkjem slik:			
Betalbar skatt på årets resultat		545 735	553 656
Betalbar skatt på formue		253 609	299 213
Betalbar skatt tidlegare år		0	0
Sum betalbar skatt		799 344	852 868
Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:			
Forskjellar som utliknast:			
Anleggsmidlar		-9 867 807	-9 464 220
Fordringar		-338 336	-357 989
Pensjon		0	786 063
Varelager		0	0
Gevinst og tapskonto		748 540	935 678
Andre midlertidige forskjellar		0	0
Sum forskjellar		-9 457 603	-8 100 468
Underskot til framføring		0	0
Sum		-9 457 603	-8 100 468
Begrensning mhp balanseføring skattefordel/utsatt skatt		0	0
Grunnlag utsatt skattefordel/utsatt skatt		-9 457 603	-8 100 468
Utsatt skatt av midlertidige forskjellar	22%	-2 080 673	-1 782 103

NOTE 13 | EIGENKAPITAL

Eigenkapital:	Medlems- kapital	Etterbetal- ingsfond	Fond for ål- mennyttige tiltak	Annan eigen- kapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2018	5 134 848	5 000 000	0	93 769 521	103 904 369
Årets endring i egenkapital:					
Netto tilgang ny medlems- kapital	-66 000			0	-66 000
Renter på innløyst medlems- kapital	-14 070			0	-14 070
Renter på medlemskapital	41 079			-41 079	0
Årsresultat				261 358 886	261 358 886
Avsett til fond for ålmennyttige tiltak			3 000 000	-3 000 000	0
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar				-5 000 000	-5 000 000
Eigenkapital 31.12.2019	5 095 857	5 000 000	3 000 000	347 087 329	360 183 185

Rentesatsen på partskapitalen er 0,8 % jfr. årsmøtevedtak.

NOTE 14 | ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Spesifikasjon av posten andre driftskostnader	2019	2018
Tap på krav	10 848	121 320
Eigedomsskatt	118 736	400 645
Kostnader administrativ infrastruktur (telefon, strøm, data mv.)	510 229	1 292 478
Transport og reisekostnader	79 363	244 054
Kjøp av eksterne tenester	1 480 839	5 071 653
Forbruk av varer og tenester	166 512	2 877 130
Ålmennyttige foremål / sponsorstøtte	673 739	655 007
Andre kostnader	3 694 632	2 884 991
Sum	6 734 899	13 547 277

NOTE 15 | ANNA KORTSIKTIG GJELD

Spesifikasjon av posten anna kortsiktig gjeld:	2019	2018
Påløpne feriepengar	256 027	1 343 435
Påløpne renter	0	205 674
Påløpne kostnader	1 639 003	306 760
Sum	1 895 030	1 855 870

NOTE 16 | FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Finansinntekter

Andre finansinntekter

Renteinntekter	255 665
Gevinst ved realisasjon av aksjer	239 136 181
Verdiøkning av finansielle instrumenter	89 397
Sum andre finansinntekter	239 481 242

Finanskostnader

Andre finanskostnader

Rentekostnader	249 357
Verdireduksjon finansielle omløpsmidler	347 160
Sum andre finanskostnader	596 517



NOTE 17 | VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDLAR

1000 kr	Transport- midlar, maskinar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Distri- busjons- nett	Breiband	Bygg/ tomter	Anlegg under utføring*	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	1 580	2 272	23 484	91 607	27 551	14 442	1 536	162 472
Tilgang i året	133	251	0	0	2 472	0	0	2 856
Avgang i året	1 580	1 672	0	91 607	0	14 442	1 536	110 837
Anskaffelseskost pr. 31.12	133	851	23 484	0	30 023	0	0	54 491
Akk. av- og nedskriv. pr. 01.01	1 580	1 848	18 477	36 026	19 979	4 804	0	82 714
Årets ordinære avskrivningar	22	74	660	0	1 690	0	0	2 446
Avgang akk. av- og nedskriv.	1 580	1 326	0	36 026	0	4 804	0	43 736
Akk. av og nedskriv. pr. 31.12	22	596	19 137	0	21 669	0	0	41 424
Bokført verdi pr. 01.01	0	424	5 007	55 581	7 572	9 638	1 536	79 760
Bokført verdi pr. 31.12	112	255	4 347	0	8 354	0	0	13 068

*Anlegg under utførelse gjeld ulike prosjekt som ikkje er sett i drift ved årsskiftet.

INVESTERINGAR SISTE 5 ÅR

Investeringar

1000 kr	Transport- midlar, maskinar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Distri- busjons- nett	Breiband	Bygg/ tomter	Anlegg under utføring	Sum
2015	19	155	-423	10 351	1 063	61	407	11 632
2016	0	137	0	4 600	1 827	125	3 567	10 256
2017	0	164	0	7 858	3 020	63	-643	10 463
2018	0	176	0	14 598	2 736	0	-4 555	12 955
2019	133	251	0	0	2 472	0	0	2 856
Sum	152	883	-423	37 406	11 118	249	-1 224	48 161

NOTE 18 | MARKEDSBASERTE VERDIPAPIRFOND

Markedsbaserte verdipapirfond pr. 31.12.19 består av:

Markedsbasert verdipapirfond	Anskaffelseskost	Markedsverdi 31.12
ODIN Rente A	9 000 000	9 130 104



KPMG AS
Silt 136
5417 Stord

Telephone +47 04053
Fax
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 NYA

Til årsmøtet i Filjar Kraftlag SA

Melding frå uavhengig revisor Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Filjar Kraftlag SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 261 358 886. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gilt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av selskapat si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatet og kontantstrøma for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapat slik det er krav om i lov og forskrift, og har opplytt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leinga ta standpunkt til selskapat si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Forsetnadene om at driften kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, aleine eller samla, innan rimelege grenser kan forvanta å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. Statistisk sentralbyrå revisor - medlemmer av Den norske Revisjonsforening.

Offiserer:
Ole
Kjetil
Andreas
Bjørn
Bjørn
Drammen

Eierutrustning
Hamar
Haugaland
Kviteseid
Kviteseid

Mo
Mark
Stav
Stavanger
Stavanger
Stavanger



Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonell skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risiko for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utførnar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risiko for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formåstenlege etter tilhøve, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapat sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formåstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leinga sin bruk av framleis drift- og foresetnadene ved fastsetting av årsrekneskapen er formåstenlege og om det er vesentleg å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg ulovlege eller vesentleg feilinformasjon, gjere meirksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for melding fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller turenklærte revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leinga har opplytt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av selskapat sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stord, 12. mai 2020
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Periode Dokumentnummer: 67565-13-08-022918-10374-4131-50170



FOTO: JONAS KRAETT I SIKKIMNES | GRAFISK DESIGN: IBOX PROFIL AS